

## Tilknytings- og nettleigeavtale for næringskunder m.m.

**Nettselskap:**

Firmanamn:  
Organisasjonsnr.:  
Postadresse:  
Postnr./-stad:  
Kontaktperson:  
Telefon kontaktperson:  
E-post kontaktperson:

**Nettkunde:**

Firmanamn:  
Organisasjonsnr.:  
Postadresse:  
Postnr./-stad:  
Kontaktperson:  
Telefon kontaktperson:  
E-post kontaktperson:

**Tilknytingspunkt i distribusjonsnettet og/eller regionalnettet**

Tilknytingspunkt: (Målepunkt ID for prioritert uttak eller Målepunkt ID for uprioritert uttak)

Hovudforsyning:

Reserve:

(Det blir laga eit eige vedleggsskjema til avtalen dersom det er mange tilknytningar. Det blir opplyst for kvar målepunkt-ID om nettleigeavtalen gjeld prioritert eller uprioritert overføring.)

**Nettariff**

Nettkunden pliktar å betale den nettarriffen som til kvar tid gjeld (sjå vedlegg) for dei nettenestene som kunden tek imot i avtaleperioden.

**Tidslengda på kontrakten**

Kontrakten gjeld til ei oppseiing i tråd med nettleigevilkåra ligg føre.

**Kontraktsdokument er:**

- dette avtaledokumentet
- dei gjeldande tariffane i nettselskapet for uttak og bruk av nettet
- eventuelle særlege kontraktsreglar som partane har avtalt (sjå neste punkt)
- dei generelle vilkåra i nettselskapet som gjeld til kvar tid, for tilknytning og nettleige

**Spesielle kontraktsreglar**

(Her blir det lista opp spesielle reguleringar som partane avtaler direkte, eller det blir vist til eit vedlegg der dette kjem fram) [Døme: særlege krav til spenningsnivå; ev. avvik frå krava i leveringsforskrifta; ansvar som nettkunden har for forbruket til andre, til dømes gjennom hybelhus, mange leigetakarar osv.; eventuell erstatning for framføring av anlegg/nettstasjon.]

**Generelle vilkår**

Vilkåra som gjeld, er dei vedlagde dokumenta «Energi Norges tilrådde tilknytingsvilkår for næringskunder m.m.» og «Energi Norges tilrådde nettleigevilkår for næringskunder m.m.». I tilfelle motstrid gjeld dei avtalte spesielle kontraktsreglane framfor generelle vilkår.

Dei generelle vilkåra for tilknytning og nettleige er utforma i samsvar med dei lovene og forskriftene som gjeld, i tillegg til konsesjonspliktene som nettselskapet har. Nettselskapet kan einseitig gjere nødvendige endringar i dei generelle vilkåra, til dømes som følge av endringar i dei nemnde lovene og forskriftene, eller andre systemendringar, og varsle nettkunden om endringane med 14 dagars varsel. Dei oppdaterte generelle vilkåra for tilknytning og nettleige som gjeld, er alltid tilgjengelege på nettsidene til nettselskapet.

Stad/dato:

Stad/dato:

\_\_\_\_\_  
For nettselskapet

\_\_\_\_\_  
For kunden

---

---

## **Gjennomføring av Energi Norges tilrådde standardvilkår overfor næringsdrivande nettkundar**

Standardvilkåra kan utan vidare takast i bruk overfor nye kundar. Dette er likevel ikkje nødvendigvis tilfellet når det gjeld gjennomføring overfor kundar som allereie har eksisterande, avvikande nettleigeavtalar. Kva høve ein har til å endre og innføre nye vilkår, er avhengig av den nettleigeavtalen som er inngått. Vi ønskjer derfor her berre å gjere greie for korleis dei nye standardvilkåra kan gjennomførast overfor næringsdrivande nettkundar som har Energi Norges standardavtale for forbrukarar, og dei tilfella der det aldri har vore inngått ein uttrykkeleg nettleigeavtale.

Etter vår oppfatning vil dei nye vilkåra kunne gjennomførast overfor eksisterande kundar ved at nettselskapa informerer dei om at det blant anna som følgje av endringar i relevante lover og forskrifter frå og med ein gitt dato, blir innført nye standardvilkår, og at desse gjeld både for eksisterande og framtidige næringskundar. Etter standardavtalen for forbrukarar kan endringar skje med 14 dagars varsel. Varsel må anten skje ved direkte melding til kunden, eller på annan eigna måte, jf. § 14 i avtalen.

Det er tilrådd at nettselskapet sender brev direkte til kvar enkelt næringskunde med eitt eksemplar av dei nye vilkåra, eventuelt kan ein vise til ei heimeside der dei nye vilkåra er tilgjengelege.

## **Kommentarar til Energi Norges tilrådde tilknytingsvilkår for næringskundar**

### **Generelt**

Nedanfor har vi kommentert somme av reglane. Det gjeld særleg nokre område der reglane er forskjellige frå tilsvarande reglar i forbrukaravtalane.

### **Framføring og plassering av nettet m.m.**

§ 3 i vilkåra regulerer blant anna framføring og plassering av nettet. Reglane inneber at anleggseigar pliktar å gi frå seg fri grunn til framføring av distribusjonsnett/stikkledning over eigedommen hans eller hennar, både der anlegga er til eige bruk, og der dei skal brukast av andre. Nettselskapet har likevel plikt til å ta tilbørleg omsyn til synspunkta til anleggseigar ved val av trasé m.m. Rettane som nettselskapet har til framføring, gjeld både grunn som anleggseigar eig eller festar/leiger, eventuelt grunn han eller ho på anna grunnlag har rettar over. Det kan til dømes tenkjast at anleggseigar har ein eksisterande rett til framføring av ledning/kabel over eigedommen som også kan nyttast av nettselskapet. På same måten har nettselskapet også plikt til å ta omsyn til eventuelle andre brukarar av eigedommen ved framføring av anlegga.

Plassering av nettstasjonar bør som hovudregel skje utan vederlag, med mindre nettstasjonen også skal forsyne andre kundar.

I § 3-10 er det presisert at flytting av anlegga føreset at dette kan gjerast utan vesentleg ulempe og kostnad for nettselskapet.

### **Anna**

Når det gjeld ansvarsreglane, viser vi til reglane og kommentarane i nettleigeavtalen.

I § 10 om tvistar er hovudregelen at også tvistar om anleggsbidrag eventuelt skal løysast for dei alminnelege domstolane dersom partane ikkje blir samde.

---

## Kommentarar til Energi Norges tilrådde nettleigevilkår for næringskundar

### Avtaleinngåing m.m.

Energi Norges tilrådde standardvilkår for næringskundar gjeld i samsvar med ordlyden i vilkåra for kundar som ikkje kan reknast som forbrukarar etter reglane i forbrukarkjøpslova. Dette inneber at næringsvilkåra kan nyttast overfor alle kundar som ikkje er fysiske personar, det vil seie både overfor selskap, burettslag, foreiningar m.m. I tillegg kan vilkåra nyttast overfor fysiske personar som «hovudsaklig handler om ledd i næringsvirksomhet». Dette er til dømes tilfellet for sjølvstendig næringsdrivande, enkeltpersonsføretak m.m.

Avtalemekanismen for å inngå nettleigeavtale kjem fram av § 2-1. Vi tilrår at det skjer ved at kunden signerer den ordrestadfestinga / det kontraktsdokumentet han eller ho får, og returnerer dette til nettselskapet. Dette er fordi vilkåra også opnar for at det i ordrestadfestinga blir teke inn særskilde reglar som avvik frå dei generelle vilkåra, til dømes om avvikande leveringskvalitet etter krava i leveringsforskrifta. For å unngå tvil om partane har gjort bindande avtale om slike avvikande vilkår, bør nettselskapet sikre seg signaturen til kunden på det dokumentet som opplyser om både dei generelle og dei spesielle vilkåra. Det er også utarbeidd ein eigen mal for avtaledokument som partane skal skrive under. Malen er tenkt brukt til både tilknytingsavtalen og til nettleigeavtalen. Dersom ein ønskjer berre denne eine avtalen, må overskrifta og innhaldet tilpassast til det.

### Oppgjer av pådregen gjeld

For å unngå at somme kundar «flyttar frå» nettgjelda si, er det foreslått å ta inn som eit femte ledd i § 2-3 ein regel om at nettselskapet kan krevje oppgjer for tidlegare pådregen gjeld før det blir gjort ny nettleigeavtale.

### Forstyrrande bruk av nettet

Den nye § 4-2.1 regulerer forstyrrande bruk av nettet som nettkunden er ansvarleg for. Denne regelen seier også noko om konsekvensane av slik forstyrrande bruk. Vi går ut frå at det mest praktiske er at nettselskapet får løyve til å forby slik bruk og eventuelt kople frå anlegget til vedkomande dersom den forstyrrande bruken ikkje tek slutt, jf. § 8-1. Vidare bør det seiast at kunden er ansvarleg for det eventuelle økonomiske tapet som ein slik bruk fører med seg. Dette blir nærare regulert i § 12-9.

### Etteroppgjer ved feilmåling m.m.

Ei følgje av feilmåling kan vere at kraftleverandøren har avrekna kunden feil. Det er derfor teke inn ei informativ setning om at nettselskapet vil sende over korrigererte målarverdiar til kraftleverandøren parallelt med korrigering av nettavrekninga. Oppgjeret mellom nettselskapet og kraftleverandøren som følgje av feilmåling eller feil målarverdiar, blir ikkje regulert i denne avtalen.

Reglane presiserer at foreldingsfristen på tre år som hovudregel går frå dato for innbetalingsfrist i samsvar med dei alminnelege faktureringsrutinane til selskapet. Krav som gjeld avrekningsperioden der datoen for betalingsfrist ligg meir enn tre år tilbake i tid, må som hovudregel reknast som forelda. Dette er den løysinga som allereie følgjer av reglane i foreldingslova, men ho kan med fordel presiserast i avtalen for å unngå at det skal vere tvil knytt til dette.

Når det gjeld avrekningsfeil, er det i § 6-3 teke inn ein regel om at etteroppgjeret skal gjennomførast i samsvar med reglane i § 5-4.

---

### **Stengingsretten til nettselskapet**

I § 7-1 får nettselskapet generelt løyve til å stengje anlegga til nettkunden dersom kunden ikkje følgjer reglane i nettleigevilkåra og tilknytningvilkåra.

### **Fråkopling**

Nettselskapet får rett til å kople frå etter nærare varsel dersom nettselskapet blir nekta tilgang til eige anlegg/utstyr som er ein del av forsyningsanlegget til installasjonen, eller dersom nettkunden har sett installasjonsutstyret ut av drift utan godkjenning.

### **Nettkunden går konkurs**

Tilfelle der nettkunden går konkurs, blir regulert i § 10. Det blir presisert at nettselskapet kan krevje at konkursbuet utan ugrunna opphald tek stilling til om retten til å tre inn i avtalen med nettselskapet skal nyttast.

### **Ansvarsreglane**

Ansaret som nettselskapet har for direkte og indirekte skadar og tap, er regulerte i §§ 12-1 og 12-2. Nettselskapet er i hovudsak berre erstatningsansvarleg dersom den direkte skaden eller tapet er påført på grunn av aktløyse.

Det blir vidare presisert at nettselskapet i utgangspunktet berre er ansvarleg for direkte tap. Ansaret for indirekte skadar og tap (følgjeskadar) er berre aktuelt dersom nettselskapet har handla med forsett. Det er presisert at tap som følgje av brannskadar på bygningar m.m. forårsaka av den elektriske krafta, må reknast som ein indirekte tapspost.

Når det gjeld medverknaden til nettkunden, seier § 12-7 at nettselskapet ikkje er ansvarleg for skade og tap dersom kunden ikkje har sikra apparat og utstyr godt nok. Vidare er det presisert at nettkundar som er særleg avhengige av sikker og stabil straumleveranse, sjølv har plikt til å setje i verk eigna tryggingstiltak, til dømes å skaffe seg nødstraumsaggregat, og at dersom dei unnlèt å setje i verk slike nødvendige tryggingstiltak, kan det føre til at erstatningsbeløpet blir sett ned eller eventuelt fell bort.

Elles er det i § 12-9 presisert at også nettkunden har ansvar for det tapet hans eller hennar bruk av nettet m.m. påfører nettselskapet. Slikt ansvar krev i samsvar med alminnelege erstatningsrettsreglar blant anna at kunden kan seiast å ha handla aktlaust.

---

# Energi Norges tilrådte tilknytingsvilkår for næringskunder m.m.

## § 1 GENERELT OM TILKNYTINGSVILKÅR

Desse tilknytingsvilkåra gjeld i kontraktsforholdet mellom nettselskap og eigar av elektriske anlegg (anleggseigar) som ikkje er forbrukar etter definisjonen av forbrukar i § 1 i lov om forbrukerkjøp av 21. juni 2002 nr 34.

Tilknytingsvilkåra regulerer forholdet mellom nettselskapet og eigaren av det elektriske anlegget som skal knytast til, eller er tilknytt, distribusjonsnett eller regionalnett. Bruken av distribusjonsnett eller regionalnett til uttak av kraft er regulert av nettleigeavtalen mellom nettselskapet og brukaren av det elektriske anlegget (dvs. nettkunden).

Dersom det er tvil om korleis ein skal forstå omgrep og uttrykk som er brukte i desse vilkåra, skal – med mindre noko anna kjem fram av samanhengen – definisjonane i den vedlagde definisjonslista leggjast til grunn.

## § 2 BESTILLING OG GODKJENNING AV TILKNYTING

### § 2-1 *Avtaleforholdet*

Avtaleforholdet består av desse tilknytingsvilkåra, tilknytings- og nettleigeavtale for næringskunde m.m. med eventuelle individuelle vilkår, gjeldande nettleigevilkår og dei føresetnadene som er lagde til grunn for tilknyttinga, jf. § 2-4.

### § 2-2 *Bestilling og utføring av tilknytting*

Bestilling og utføring av tilknytting til distribusjonsnett skal skje i samsvar med reglane og rutineane til nettselskapet eller «Regler for tilknytning av elektriske anlegg i fordelingsnett», jf. Energi Norge AS Publikasjon nr 101-2002.

Bestilling og utføring av tilknytting av anlegg for uttak frå regionalnett skal skje i samsvar med reglane og rutineane til nettselskapet.

### § 2-3 *Stadfesting av bestilling*

---

Nettselskapet melder skriftleg tilbake til anleggseigar, eller representanten for anleggseigar, om bestillinga er godkjend med dei dataa som er innmelde, eller om det blir kravd ytterlegare informasjon. Meldinga skal givast elektronisk. Dersom bestillinga ikkje blir godkjend, skal det grunngivast sakleg og skriftleg.

Saman med tilbakemeldinga frå nettselskapet til anleggseigar skal det leggjast ved eit eksemplar av desse tilknytingsvilkåra. Alternativt kan nettselskapet vise til stad der tilknytingsvilkåra m.m. er tilgjengelege, til dømes på heimesida til nettselskapet på Internett.

#### **§ 2-4 Tilknytingsføresetnader**

Eit elektrisk anlegg blir knytt til distribusjonsnettet eller regionalnettet til nettselskapet i samsvar med dei føresetnadene som er gitt i den skriftlege tilbakemeldinga frå nettselskapet til anleggseigaren, jf. § 2-3.

Tilknyttinga skal dimensjonrast på bakgrunn av eit energi- og effektbudsjett som partane er samde om.

Føresetnaden for tilknyttinga kjem fram av eige vedlegg til desse vilkåra. Eventuelle rettar som nettselskapet har skaffa seg over den faste eigdommen til anleggseigaren, kan tinglysast på nettselskapet sin kostnad.

Dersom føresetnadene for tilknytting av eit anlegg blir vesentleg endra eller viser seg å ikkje vere korrekte, kan nettselskapet krevje å få dekt dei meirkostnadene dette fører med seg, til dømes kostnader knytte til drift og vedlikehald som ikkje blir dekte av nettleiga.

#### **§ 2-5 Overdraging av elektrisk installasjon/anlegg som er tilknytte nettet**

Tilknytingsvilkåra gjeld for alle framtidige eigarar av det elektriske anlegget. Dersom eit elektrisk anlegg skiftar eigar, trer den nye eigaren inn i dei same rettane og pliktene som forgjengaren sin, til dette høyrer dei rettane og pliktene som følgjer av desse tilknytingsvilkåra.

#### **§ 2-6 Drift og vedlikehald av elektriske anlegg**

Anleggseigar er ansvarleg for å byggje, drive og halde ved like det elektriske anlegget sitt i samsvar med dei lovene og forskriftene som til kvar tid gjeld. Oppstår det feil på anlegg,

---

skal anleggseigar straks kontakte autorisert el-entreprenør/nettselskap som gjer den nødvendige utbetringa/feilrettinga. Dersom anleggseigar har tilsett personale med nødvendig godkjenning, kan dei gjere dei nødvendige utbetringane/feilrettingane på anlegget til anleggseigar.

Nettselskapet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)/Det lokale elektrisitetstilsynet (DLE) har i samsvar med dei lovene og forskriftene som til kvar tid gjeld, rett til uhindra og kostnadsfri tilgang til alle anlegga til anleggseigar som er knytte til nettet.

### **§ 2-7 Teieplikt**

Nettselskapet skal ikkje levere frå seg personopplysningar om anleggseigar eller tilsette i verksemda til anleggseigar til utanforståande, unnateke når utlevering av opplysningar skjer

- a. med samtykke frå den opplysninga gjeld
- b. med heimel i lov eller i forskrift gitt med heimel i lov, eller
- c. som ledd i betalingsinnkrevjing osv. og elles når det ligg føre saklege grunnar for det

Nettselskapet har på same måten teieplikt om alle forhold som selskapet blir kjent med av teknisk eller økonomisk art som gjeld anleggseigar og verksemda hans/hennar, og som ikkje allereie er allment kjende.

## **§ 3 FRAMFØRING OG PLASSERING AV NETT**

### **§ 3-1 Framføring av distribusjonsnett/stikkledning til eige bruk for anleggseigar**

Nettselskapet skal utan å måtte yte vederlag eller erstatning få tilgang til å føre fram nødvendig distribusjonsnett og/eller stikkledning over grunneigedom som er eigd eller blir disponert av anleggseigar, for tilknytning av det elektriske anlegget til anleggseigar.

Nettselskapet avgjer korleis distribusjonsnett/stikkledning skal førast fram, til dette høyrer plassering av og art og dimensjon på nettet/leidningen. Nettselskapet skal likevel gjere framføringa til minst mogleg ulempe for anleggseigar eller andre som disponerer eigdommen. Nettselskapet påviser så langt som råd leidningstrasé, plassering av stolpar og anna utstyr for grunneigar/festar.



---

Anleggseigar har ikkje krav på erstatning for skadar og ulemper som stikkleidningen seinare kan føre til, unnateke dersom nettselskapet har vist aktløyse.

Ved bestilling av tilknytning har anleggseigar gitt rett og tilgang til å framføre leidningsnett for tilknytning av anleggseigaren sitt eige anlegg over grunn som anleggseigaren eig eller disponerer.

### **§ 3-2 Framføring av distribusjonsnett /stikkleidning til andre**

Nettselskapet har rett til å framføre luftleidning eller jordkabel som distribusjonsnett eller stikkleidning over grunn som anleggseigar eig eller disponerer, til andre anleggseigarar/brukarar.

Framføring skjer utan vederlag til anleggseigar, men anleggseigar skal få høve til å uttale seg om leidningstrasé og plassering av stolpar og anna utstyr. Stikkleidning, distribusjonsnett og arbeidet med dette skal, med omsyn til økonomien og funksjonen til nettet, føre til minst mogleg ulempe for anleggseigar og andre som disponerer grunnen.

### **§ 3-3 Plassering av nettstasjonar**

Ved tilknytning av større anlegg har nettselskapet rett til å krevje at anleggseigar avstår eit eige rom i bygning eller tomt til nettstasjon(ar). Plass som blir stilt til rådvelde, skal på førehand vere godkjend av nettselskapet.

Skal nettstasjonen berre betene anlegget til anleggseigaren, blir det ikkje betalt vederlag for avstått rom eller tomt for nettstasjon til anleggseigaren.

Nettselskapet har rett til å føre leidningar og kablar ut frå nettstasjonar for tilknytning av andre elektriske anlegg. Dette skal, med omsyn til funksjonen til nettet og økonomien, skje med minst mogleg ulempe for anleggseigar eller andre som disponerer eigedommen. Eventuelt vederlag for plassering av nettstasjon som skal betene anlegga til fleire anleggseigarar, blir fastsett som eit eingongsbeløp. Storleiken på vederlaget blir fastsett i samsvar med det som er vanleg i konsesjonsområdet til nettselskapet, og blir innarbeidd i eigen avtale.

### **§ 3-4 Særskilt om tilgang til leidningsnett for vedlikehald, fjerning av vegetasjon osv.**

---

Nettselskapet har rett til å vedlikehalde leidningsnett/stikkledning, til dette høyrer også å fjerne vegetasjon som er komen eller kjem til å kome innanfor dei tryggleiksavstandane som er bestemte i forskrifter for dei ulike leidningstypene/spenningsnivåa. Det same gjeld for andre som har rett til å bruke leidningstraseen, blant desse eigar av telekommunikasjonsleidningar. Vedlikehald og fjerning av vegetasjon skal gjerast med minst mogleg ulempe for anleggseigar og andre som disponerer eigedommen, og nettselskapet pliktar å rydde opp etter seg og utbetre eventuelle terrengskadar etter slikt arbeid. Vedlikehald og fjerning av vegetasjon i samsvar med denne regelen gir ikkje anleggseigar eller andre som disponerer eigedommen, krav på erstatning eller vederlag.

### **§ 3-5    *Bruk av distribusjonsnett/stikkledning til andre formål***

Nettselskapet har rett til å bruke distribusjonsnett/stikkledning over grunn som anleggseigar eig, også til andre formål enn energioverføring, så lenge dette skjer utan unødvendig ulempe for anleggseigar og andre som disponerer eigedommen.

Nettselskapet har vederlagsfri rett til å bruke distribusjonsnett som er opparbeidd for å knyte til anlegget til ein anleggseigar, til å knyte til andre anleggseigarar dersom dette er tenleg med omsyn til funksjonen til nettet og økonomien.

### **§ 3-6    *Tilgang til distribusjonsnett og anlegg***

Anleggseigar skal gi nettselskapet og andre som nyttar leidningsnett/traseen, uhindra tilgang til eigedommen for å vedlikehalde og drifte nettet og tilknytingspunktet. Nettselskapet skal til kvar tid ha uhindra og kostnadsfri tilgang til nettstasjonar, også når dei er plasserte i bygget til anleggseigaren.

### **§ 3-7    *Bruk av arbeidsmaskinar nær leidningsnett***

Bruk av arbeidsreiskapar nær, ved og under leidningsanlegg skal berre skje etter rettleiing frå nettselskapet slik at faren for ulykker og skadar på personar, leidningsanlegg og anna materiell kan minimerast. Ved arbeid på grunn som er eigd av eller blir disponert av anleggseigar, og som inneber at ein bruker anleggsreiskap nærare høgspenningsanlegg enn 30 meter, er anleggseigar – uavhengig av kven som utfører arbeidet – ansvarleg for at nettselskapet blir kontakta så tidleg som mogleg før arbeidet tek til. Nettselskapet vil gi tryggingssrettileiing og påvise minste sikre avstand til leidningsanlegg under arbeidet. Dersom tryggingssarbeidet fører til meirkostnader utover ordinær rådgiving og tilsyn for

---

nettselskapet, kan nettselskapet krevje at anleggseigar eller den som står for arbeidet, dekkjer desse kostnadene.

### **§ 3-8 Informasjonsplikta til anleggseigar**

Anleggseigar har plikt til å varsle nettselskapet på førehand når det skal gravast, fyllast eller gjerast andre endringar i terrenget – sprenging, vegbygging, felling av tre – eller andre arbeid som kan skade eller på annan måte ha noko å seie for anlegget til nettselskapet, på grunn som anleggseigaren eig eller disponerer. Varslingsplikta gjeld uavhengig av kven som utfører arbeida, og nettselskapet skal varslast så tidleg som råd slik at nødvendige tryggingstiltak kan setjast i verk. Dersom tiltaka fører til meirkostnader utover ordinær rådgiving og tilsyn for nettselskapet, kan nettselskapet krevje at anleggseigar eller den som står for arbeidet, dekkjer desse kostnadene.

### **§ 3-9 Skade på eigdommen til nettselskapet**

Anleggseigar er, i samsvar med alminnelege erstatningsrettslege reglar, ansvarleg for skade som er valda på eigdommen til nettselskapet. Dersom anleggseigar har unnlate å varsle nettselskap i tilfelle som er nemnde i § 3-7 og 3-8, eller dersom varslinga kjem så seint at nettselskapet ikkje kan oppfylle rettleiingsplikta eller setje i verk eigna tryggingstiltak, blir dette normalt sett på som aktløyse som kan utløyse erstatningsansvar.

### **§ 3-10 Flytting eller fjerning av leidningar/nett**

Dersom det er nødvendig – som følgje av offentlege påbod eller på grunn av behova til anleggseigar – kan stikkleidningar eller lågspenningsnett flyttast, endrast eller fjernast. Det same kan ein berre unntaksvis gjere for høgspenningsnett. Flytting føreset i alle tilfelle at dette kan gjerast utan vesentleg ulempe og utan kostnad for nettselskapet. Nettselskapet utfører normalt arbeidet med flytting, forandring eller fjerning av stikkleidning eller lågspenningsnett for rekvirenten si rekning.

Ved eventuell flytting, endring eller fjerning av høgspenningsanlegg på privat eigedom skal nettselskapet gjere dette for rekvirenten si rekning dersom ikkje annan avtale er inngått.

Nettselskapet har rett, men ikkje plikt, til å fjerne stikkleidningen og den delen av nettet som tener til forsyning av eit anlegg som har vore utan nettleigekunde i minst tre år. Nettselskapet skal skriftleg varsle anleggseigar før slik fjerning. Dersom nettselskapet

---

ikkje får stadfesting på framhald av tilknytning innan éin månad, det vil seie at det blir inngått ny nettleigeavtale for anlegget, kan nettselskapet fjerne dei aktuelle nettdelane. Nettselskapet kostar denne fjerninga.

---

## § 4 TILKNYTING

### § 4-1 *Tilknytingspunktet*

Tilknytingspunktet markerer overgangen mellom nettet til nettselskapet og det elektriske anlegget som er knytt til det. *Nedanfor er definert vi grensa for eigedomsforholdet i tillegg til ansvaret for drift og vedlikehald.*

Nettselskapet kan definere tilknytingspunktet på følgjande måtar:

- ved punktet for føring gjennom veggen frå transformatorrom/nettstasjon
- det punktet i distribusjonsnettet der stikkledning er knytt til nettet
- tilkoplingsklemma på husvegg for luftnett eller grunnmur for kabel

I det siste tilfellet reknar ein stikkledningen som ein del av distribusjonsnettet til nettselskapet.

Definisjonen av tilknytingspunktet og utføringa av tilknytninga skal som hovudregel vere i samsvar med standarden som nettselskapet har for området. Anlegget skal knytast til nettet på avtalt spenningsnivå. Tilknytingspunktet skal førast på skjema «Melding om installasjonsarbeid» eller anna skjema/melding som nettselskapet bruker for tilknytning.

Dersom stikkledningen er ein del av distribusjonsnettet til nettselskapet, avgjer nettselskapet korleis stikkledningen skal førast fram og plasserast, kva type han skal vere, og kva dimensjon han skal ha. Framføring av stikkledningen blir utført i samsvar med reglane i § 3. Til kvart anlegg fører nettselskapet som regel berre fram éin stikkledning.

### § 4-2 *Fysisk tilknytning*

Tilknytninga skal skje så snart som praktisk mogleg etter at anlegget er meldt ferdig, eller etter nærare avtale. Ingen andre enn nettselskapet eller representanten for nettselskapet har tilgang til å knyte eit anlegg til distribusjonsnettet. Urettmessig tilknytning av eit anlegg fører til erstatningsansvar og kan medføre straffeansvar.

---

Tilknytning skjer vanlegvis ikkje før eventuelt anleggsbidrag er innbetalt, eller etter at anleggseigar etter nærare avtale har stilt god nok trygd, jf. § 5, fjerde ledd.

#### **§ 4-3 Anna utføring**

Dersom anleggseigar ønskjer tilknytninga utført på annan måte enn det som er nettselskapet sin standard for området, kan nettselskapet utføre arbeidet etter bestilling og krevje at anleggseigar dekkjer eventuelle meirkostnader. Etter avtale mellom anleggseigar og nettselskapet kan arbeidet i tilknytingspunktet utførast av ein tredjepart som skal godkjennast av nettselskapet.

#### **§ 4-4 Mellombels tilknytning**

Nettselskapet kan knyte eit anlegg mellombels til nettselskapet sitt etter bestilling frå anleggseigar. Anleggseigar bestiller tilknytning på same måte som for permanent tilknytning. Bestillar betaler for framføring, montering, demontering og eventuelt vedlikehald av mellombelse låg-/høgspenningsnett før arbeidet blir sett i gang. Ved mellombels tilknytning kan nettselskapet og anleggseigar gjere avtale om at arbeidet i tilknytingspunktet skal utførast av ein tredjepart som nettselskapet godkjenner. *Før anlegget blir sett i drift, skal nettselskapet synfare og godkjenne arbeidet.*

#### **§ 4-5 Tilknytingsgebyr**

Nettselskapet kan i samsvar med offentlege forskrifter fastsetje at det ved nye tilknytningar eller oppdimensjonering av ei eksisterande tilknytning skal betalast eit tilknytingsgebyr. Gebyret skal i så fall leggjast på alle tilknytningar i konsesjonsområdet til nettselskapet. Gebyret kan differensierast, til dømes etter overbelastningsvern (sikringsstorleik).

#### **§ 4-6 Endra systemspenning**

Nettselskapet har rett til å endre systemspenning. I slike tilfelle skal nettselskapet koste den nødvendige omlegginga av anlegget til anleggseigar. Dersom anleggseigaren gjer ei anna oppgradering av anlegget sitt i samband med omlegging til ny systemspenning, vedkjem meirkostnadene for slik oppgradering ikkje nettselskapet.

### **§ 5 ANLEGGSBIDRAG**

Nettselskapet har rett til å fastsetje eit anleggsbidrag for å dekkje kostnadene ved nye nettilknytningar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar i samsvar med dei

---

lovene og forskriftene som til kvar tid gjeld, jf. § 17-5 i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering mv av 11. mars 1999 nr 302.

Det kan bli kravd at anleggseigar betaler inn anleggsbidraget før arbeidet tek til. Ved eventuell avtale om betaling på eit seinare tidspunkt, kan nettselskapet krevje trygd for betalinga.

Permanent nett/stikkledning som er bygd eller forsterka i samband med tilknytning fram til tilknytingspunktet, er normalt eigedommen til nettselskapet, og nettselskapet har drifts- og vedlikehaldsplikt. Dette gjeld også dersom nett/stikkledning er heilt eller delvis finansiert ved anleggsbidrag.

Mislegald av plikta til å betale anleggsbidrag gir nettselskapet rett til å stengje eit tilknytt anlegg for uttak av elektrisk kraft inntil anleggsbidraget er betalt.

## **§ 6 MÅLEPUNKT FOR FORBRUKSMÅLING**

Plasseringa av målepunkt blir avtalt i samband med bestilling av tilknytning. Normalt skal eit anlegg ha eitt (1) målepunkt som blir plassert så nært tilknytingspunktet som mogleg. Nettselskapet skal godkjenne plasseringa av målepunktet, og nettselskapet kan krevje at måleutstyret blir plassert utandørs i låst skap og/eller vere mogleg å lese av utanfrå. Nettselskapet skal elles til kvar tid ha uhindra og kostnadsfri tilgang til måleutstyret.

Ved tilknytning monterer nettselskapet, eller representanten for nettselskapet, måleutstyr for avrekning av nettleige og kraftlevering. Nettselskapet fastset storleik og type måleutstyr og eventuelle kontrollapparat m.m. Måleutstyr og kontrollapparat m.m. er eigedommen til nettselskapet, og nettselskapet står for nødvendig vedlikehald og bytte av målar.

Anleggseigar kan ikkje ta i bruk eit anlegg før måleutstyret er montert, eller anna er avtalt med nettselskapet.

## **§ 7 FRÅKOPLING OG TILKOPLING AV ANLEGGET**

Fråkopling og tilkopling kan berre utførast av nettselskapet, representant for nettselskapet eller Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) ved Det lokale

---

elektrisitetstilsyn (DLE). Nettselskapet og DSB/DLE er ikkje ansvarlege for skade eller tap ved frå- eller tilkoplingar som er heimla i denne avtalen.



---

### **§ 7-1 Fråkopling utan nærare varsel**

Nettselskapet, DSB/DLE kople frå etter vedtak og utan nærare varsel dersom:

- anlegget er farleg
- det er behov for omgåande utbetring av anlegget
- bruk av anlegget kan medføre skade eller ulemper for nettkunden, nettselskapet eller andre

DSB/DLE kan etter forskrifter som er fastsette av Produkt- og elektrisitetstilsynet 6. november 1998 med heimel i *lov 24. mai 1929 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr § 2* kople ut eit forskriftsstridig anlegg dersom pålegg om utbetring av manglar ved anlegget ikkje er følgde til avtalt tid, eller dersom det ikkje blir brukt godkjende apparat.

### **§ 7-2 Fråkopling etter nærare varsel**

Nettselskapet kan kople frå elektriske anlegg etter nærare varsel dersom fråkoplinga er nødvendig til dømes av omsyn til ettersyn, vedlikehald eller ved andre endringar eller utvidingar av anlegget til anleggseigar eller anlegget til andre nettkunder.

Nettselskapet skal, så langt det er mogleg, varsle nettkunden direkte eller på annan eigna måte om fråkoplinga. Fråkoplinga skal, i den utstrekninga det er mogleg, leggjast til tider som er til minst mogleg ulempe for nettkunden.

Nettselskapet kan dessutan etter nærare varsel kople frå elektrisk anlegg dersom nettselskapet ikkje får tilgang til anlegg, måleutstyr m.m. som nettselskapet etter tilknytingsvilkåra eller annan avtale har krav på tilgang til, eller dersom anleggseigar elles ikkje oppfyller pliktene sine i kontraktsforholdet.

Varsel om fråkopling vil ikkje seie at nettselskapet har plikt til å kople frå anlegget i heile eller delar av det varsla tidsrommet.

## **§ 8 ANSVARFORHOLD**

### **§ 8-1 Direkte skadar og tap**

Nettselskapet er berre ansvarleg for direkte skade og tap som tilknytninga av det elektriske anlegget til distribusjonsnettet eller regionaltilknytning er årsak til, når skaden eller tapet er valda på grunn av at nettselskapet har handla aktlaust.

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skadar eller tap som kan oppstå ved rettmessig inn- og utkopling.

### **§ 8-2 Indirekte skadar og tap**

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for indirekte skadar og tap med mindre skaden er forårsaka ved forsett frå nettselskapet si side.

Som indirekte skade og tap (følgjeskadar) reknar ein blant anna:

- tap som følgje av at produksjon eller omsetning har minska eller falle bort (driftsavbrot)
- tapt fortjeneste som følgje av at ein kontrakt med tredjemann fell bort eller ikkje blir riktig oppfylt
- tap som kundane til anleggseigar/brukar har lide
- tap som følgje av skade på anna enn anleggseigar/brukar sine anlegg, apparat eller anna enn gjenstandar som har nær og direkte samanheng med den føresette bruken av anlegget eller apparata
- tap som følgje av brannskadar på bygningar osv.

### **§ 8-3 Medverknad frå anleggseigar**

Dersom anleggseigar eller representant for denne har medverka til skaden eller tapet ved eiga skuld, kan ansvaret til nettselskapet bli sett ned eller falle bort, jf.

*skadeserstatningsloven av 13. juni 1969 § 5-1.*

### **§ 8-4 Tapsavgrensingsplikta til anleggseigar**

Anleggseigar pliktar ved rimelege tiltak å prøve å avgrense tapet sitt. Forsømmer anleggseigar dette, må han eller ho sjølv bere den tilsvarende delen av tapet.

### **§ 8-5 Ansvaret til anleggseigar**

Anleggseigar er i samsvar med alminnelege erstatningsreglar ansvarleg for det tapet som hans/hennar bruk av nettet eller anlegget som er knytt til nettet, påfører nettselskapet eller dei andre kundane til nettselskapet og andre.

### **§ 8-6 Personskade**

Ansvaret for personskade blir ikkje regulert av desse tilknytingsvilkåra. Det blir vist til dei alminnelege erstatningsrettslege reglane.

## **§ 9 ENDRING AV TILKNYTINGSVILKÅR**

### **§ 9-1 *Endring av tilknytingsvilkår***

Nettselskapet har rett til å endre desse tilknytingsvilkåra.

Ved endring av desse tilknytingsvilkåra blir varsel om dette gitt som direkte melding til anleggseigar eller på annan eigna måte, til dømes ved kunngjering.

Endring av standard tilknytingsvilkår blir ikkje gjort gjeldande før tidlegast 14 dagar etter at melding er gitt. Så lenge tilknytninga består, er anleggseigar forplikta i samsvar med dei tilknytingsvilkåra som til kvar tid gjeld.

### **§ 9-2 *Endring av særskilt avtalte tilknytingsvilkår***

Eventuelt særskilt avtalte tilknytingsvilkår kan endrast på tilsvarande måte dersom ikkje anna er avtalt.

## **§ 10 TVISTAR**

Tvistar i samband med tilknytingsvilkåra blir avgjorde av dei ordinære domstolane, med mindre partane i den enkelte tvisten er samde om at tvisten skal løysast ved skilddom og gjer avtale om skilddom.

---

## **Energi Norges tilrådde nettleigevilkår for næringskunder m.m.**

Desse nettleigevilkåra gjeld i avtaleforholdet mellom nettselskapet og nettkunder som ikkje skal reknast som forbrukarar, jf. definisjonen av forbrukar i § 1 i *lov om forbrukerkjøp av 21. juni 2002 nr 34*.

Nettleigevilkåra gjeld for nettkunder som får straumforsyning via elektriske anlegg som er knytte til distribusjonsnettet eller regionalnettet.

Dersom ein er i tvil om korleis ein skal forstå omgrep og uttrykk som er brukte i desse vilkåra, skal ein bruke definisjonane i den vedlagde definisjonslista, med mindre noko anna går fram av samanhengen.

### **§ 1 PARTANE**

Desse nettleigevilkåra gjeld i kontraktsforholdet mellom nettselskapet som leverandør av nettenester og nettkunden som brukar av nettenester.

Nettselskapet er den eininga som eig det elektriske nettet som anlegget til nettkunden er knytt til.

Nettkunden er den eininga som får straumleveranse via det elektriske anlegget som er knytt til nettselskapet sitt nett.

### **§ 2 AVTALEINNGÅING M.M.**

#### **§ 2-1 *Avtaleinngåing, avtaledokument m.m.***

Nettleigeavtale blir inngått etter bestilling frå nettkunden. Etter at nettselskapet har motteke bestilling, sender det tilknytings- og nettleigeavtale for næringskunde m.m. i to eksemplar til nettkunden. Eitt underskrive eksemplar skal returnerast til nettselskapet.

Som vedlegg til tilknytings- og nettleigeavtalen skal nettkunden også få eit eksemplar av nærverande nettleigevilkår i tillegg til informasjon om nettselskapet sine gjeldande tariffar for nettleige. Alternativt kan nettselskapet vise til staden der nettleigevilkåra, tariffane m.m. er tilgjengelege, til dømes på heimesida til nettselskapet på Internett.

Tilknytings- og nettleigeavtale for næringskunde kan innehalde vilkår som skil seg frå nettleigevilkåra.

Avtaleforholdet blir regulert av dei eventuelle særskilde vilkåra som partane sjølve har avtalt i tilknytings- og nettleigeavtalen: nettleigevilkåra, gjeldande tilknytingsvilkår og gjeldande tariffar for nettleige.

### **§ 2-2 Inngåing av avtalar ved konkludent åtferd**

Dersom ein brukar tek ut kraft utan å ha inngått skriftleg nettleigeavtale med nettselskapet, blir det oppfatta som at brukaren har godteke og slutta seg nettselskapet sine tariffar og vilkår for nettleige. Brukaren har då også godteke og slutta seg til nettselskapet sine vilkår og prisar for å levere kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt, jf. *energiloven av 29. juni 1990 nr 50, § 3-3*.

---

### **§ 2-3 Trygd og/eller oppgjer av gjeld som vilkår for å inngå avtale**

Nettselskapet kan krevje at kunden stiller trygd for betalingsplikta. Eit slik krav kan stillast også etter at avtalen er gjord.

Kravet til kunden om å stille trygd skal vere sakleg grunnlagt. Tidlegare misleghald av betalingsplikta eller sannsynleg framtidig misleghald av betalingsplikta er alltid ein sakleg grunn.

Dersom nettkunden krev det, skal nettselskapet grunnlagi kravet om betalingstrygd skriftleg.

Dersom nettkunden ikkje stiller trygd etter krav frå nettselskapet i samsvar med det som er nemnt over, kan nettselskapet stengje anlegget til kunden etter reglane i § 7.

Før kunden kan ta nettet i bruk, kan nettselskapet krevje at nettkunden gjer opp all gjeld (medrekna renter og omkostningar) som han eller ho tidlegare har til nettselskapet, eller som kunden på anna grunnlag heftar for.

### **§ 3 OPPLYSNINGAR OM NETTKUNDEN M.M.**

Nettselskapet kan ved avtaleinngåing krevje at nettkunden legg fram nødvendige opplysningar, eventuelt med dokumentasjon, om firmanamn, føretaksnummer, noverande og tidlegare næringsadresse, og eventuelt andre relevante opplysningar.

Nettselskapet kan også krevje at kunden opplyser om antatt forbruk, effektbehov og energiuttak m.m.

### **§ 4 VERKEOMRÅDE OG VILKÅR FOR NETTLEGEAVTALEN**

#### **§ 4-1 Verkeområde**

Nettleigevilkåra regulerer bruken av nettet til uttak av elektrisk kraft. Nettselskapet stiller det elektriske nettet til disposisjon for nettkunden på dei vilkåra som følgjer av desse vilkåra, gjeldande tariffar og eventuelle andre, særleg avtalte kontraktsreglar, i tillegg til dei lovene og forskriftene som måtte ha noko å seie for forholdet mellom nettselskapet og nettkunden.

---

All annan bruk av nettet, til dette høyrer også signaloverføring, kan berre skje etter skriftleg avtale med nettselskapet.

## **§ 4-2   Vilkår i nettleigeavtalen**

### **§ 4-2.1   Forstyrningar på nettet**

Det er eit vilkår at nettkunden ikkje bruker nettet på ein måte som forstyrrar den tekniske drifta av nettet eller på annan måte er til skade eller ulempe.

Som forstyrrende bruk av nettet reknar ein blant anna forhold som nettkunden er ansvarleg for, og som skaper avvik frå dei krava til leveringskvalitet som nettselskapet etter regelverket er plikta til å følgje, jf. blant anna *forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet av 30. november 2004 nr 1557*.

Nettselskapet kan forby kunder å bruke nettet på ein måte som fører til slike forstyrningar. Nettkunden er ansvarleg for dei eventuelle økonomiske tapa slike forstyrningar måtte føre til, jf. § 12-9.

Nettkunden skal, utan ugrunna opphald, varsle selskapet om hendingar i eigne anlegg eller eige utstyr dersom kunden trur at hendingane vil gi nettselskapet problem med å kunne oppfylle pliktene sine etter forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet. Dersom kunden ikkje varslar, kan kunden få erstatningsansvar, jf. § 12-9.

### **§ 4-2.2   Bruk av elektrisk utstyr**

Før nettkunden kjøper inn og koplår til utstyr som krev stort effektuttak, eller som kan vere til ulempe eller skade for den tekniske drifta av nettet for nettselskapet eller for andre (til dømes ved å føre til forstyrningar i nettspenninga), skal nettselskapet godkjenne slikt utstyr.

Nettselskapet kan forby kunder å bruke slikt utstyr fram til det er gjort nødvendige nettforsterkingar eller andre eigna tiltak i nettet eller i nettkunden sitt eige anlegg. Sjå i denne samanhengen til tilknytingsvilkåra i § 5 om anleggsbidrag.

### **§ 4-3   Avgrensing i bruk av nettet**

Nettselskapet kan mellombels avgrense eller kople ut uttaket hos nettkunden dersom det er nødvendig, til dømes av omsyn til ettersyn, vedlikehald, feilsøking eller feilretting, fornying, ombygging eller utvidingar av eige nett eller anlegg til andre nettkunder m.m. Slik

---

avgrensing eller utkopling skal ikkje reknast som ein mangel ved tenestene til nettselskapet.

Dersom planlagt arbeid fører til utkopling eller avgrensing i uttaket, skal nettkunden som hovudregel varslast direkte eller på annan eigna måte, jf. § 8-2.

#### **§ 4-4 Offentlege pålegg**

Dersom nettselskapet som følgje av offentlege pålegg ikkje kan overføre eller levere kraft, eller berre kan overføre eller levere kraft i avgrensa omfang, bestemmer nettselskapet i samsvar med gjeldande lovverk eller offentlege vedtak korleis tilgjengeleg overføringskapasitet eller krafttilgang i slike tilfelle skal disponerast innanfor konsesjonsområdet. Sjå til dømes *forskrift om systemansvaret i kraftsystemet av 7. mai 2002 nr 448* og *forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkningar ved kraftrasjonering av 17. desember 2001 nr 1421*.

Avgrensingar i overføringa m.m. som følgje av forhold som er nemnde over, er ikkje å rekne for manglar ved tenestene til nettselskapet.

### **§ 5 MÅLING AV FORBRUK OG MÅLARAVLESING**

#### **§ 5-1 Installasjon og drift av måleutstyr**

Nettselskapet avgjer kva måleutstyr m.m. som skal brukast, det eig måleutstyret og har ansvaret for å installere, drifte og kontrollere det. Dersom nettkunden ønskjer å installere eige måleutstyr i tillegg til utstyret til nettselskapet, kan kunden gjere det for eiga rekning.

Måleutstyret til nettkunden kan berre koplust til etter nærare avtale med nettselskapet og kan ikkje plasserast slik at det påverkar utstyret til nettselskapet.

#### **§ 5-2 Målaravlesing**

Kunden skal lese av målararen i samsvar med rutineane til nettselskapet og forskriftene som gjeld, jf. siste ledd.

Nettkunden pliktar å lese av og rapportere inn målarstanden til nettselskapet innanfor dei fristane som nettselskapet har sett.



---

Målaren skal lesast av og målarstanden rapporterast inn til nettselskapet ved skifte av kraftleverandør, og når nettkunden avsluttar kontraktsforholdet til nettselskapet.

Dersom kunden ikkje har lese av målaren, har nettselskapet rett til å fastsetje uttaket til nettkunden skjønsmessig og fakturere nettkunden etter eit stipulert uttak. Når nettselskapet for ein seinare avrekningsperiode har fått avlesen målarstand frå kunden, korrigerer nettselskapet avrekninga ut frå det reelle uttaket.

Elles skjer måling og avlesing av målar etter §§ 3-3 og 3-5 i *forskrift om måling, avregning m.m. av 11. mars 1999 nr 301*.

### **§ 5-3 Kontroll av måleutstyr**

Nettselskapet har til kvar tid rett til å kontrollere måleutstyret.

Dersom kunden har mistanke om feil ved måleutstyret til nettselskapet, kan kunden krevje at nettselskapet kontrollerer måleutstyret. I samband med ein slik kontroll skal nettselskapet også rutinemessig kontrollere om den påståtte feilen kan kome av jordfeil, feilkoplingar m.m.

Dersom nettkunden krev at måleutstyret blir kontrollert, dekkjer nettkunden det kontrollen kostar. Dersom kontrollen viser eit måleavvik større enn  $\pm 3$  prosent, skal nettselskapet likevel betale kontrollen, jf. forskrift om krav til elektrisitetsmålere av 25. juli 2002 nr 972.

Kunden er sjølv ansvarleg for kontroll, ettersyn og vedlikehald av eige anlegg.

Resultata av målekontrollar skal gjerast tilgjengeleg for begge partar.

### **§ 5-4 Feil ved måleutstyr**

Dersom det blir konstatert feil ved måleutstyret, skal nettselskapet omgåande gi beskjed til nettkunden om det.

Dersom måleutstyret har vist feil, har nettselskapet rett til å stipulere forbruket skjønsmessig dersom det ikkje let seg berekne nøyaktig på annan måte. Ved skjønnnet blir det lagt vekt på dei forholda som kan ha noko å seie for å anslå forbruket i feilperioden, til dømes tidlegare normalforbruk i anlegget i ein tilsvarande periode, kontrollmålingar m.m.

---

Nettkunden blir belasta med eller godskriven for nettleige som svarer til differansen mellom det stipulerte forbruket og det feilmålte forbruket for den perioden ein kan påvise målarfeilen.

Nettselskapet sender over korrigerede avrekningsverdiar til kraftleverandøren for korrigering av kraftoppgjeret mellom kunden og leverandøren.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling for nettleige (og elektrisk kraft dersom ho blir levert av nettselskapet) ved feil på målarutstyr skal skje for den tida feilen kan påvisast, men vanlegvis ikkje for avrekningsperiodar der datoen for betalingsfrist for avrekningsperioden ligg lenger tilbake i tid enn 3 år, jf. *lov om foreldelse av fordringer av 18. mai 1979 nr 18*. Ein skal normalt gjere opp dette så snart som råd etter at feilen er dokumentert og berekna økonomisk.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling kan likevel ikkje krevjast dersom feilvinga er mindre enn +/- 3 prosent, jf. *forskrift om krav til elektrisitetsmålere av 25. juli 2002 nr 972*.

---

**§ 5-5 Meirforbruk som følge av feil i anlegget til nettkunden**

Nettkunden svarer for feil og manglar i det anlegget som nettkunden bruker. Dersom ein feil eller ein mangel ved anlegget til nettkunden gjer at målutstyret har registrert eit forbruk som nettkunden ikkje har kunna nytte (meirforbruk), har nettkunden ikkje krav på tilbakebetaling av nettleige/kraftpris. Dette gjeld sjølv om det samtidig skulle ha oppstått eller vore ein feil eller mangel i den delen av nettet som nettselskapet svarer for.

**§ 5-6 Varslingsplikt**

Dersom ein av partane oppdagar eller har mistanke om feil ved målinga, til dette høyrer meir- eller mindreforbruk samanlikna med det forventa forbruket, pliktar parten å varsle den andre parten utan ugrunna opphald.

**§ 6 AVREKNING, PRIS- OG BETALINGSVILKÅR**

**§ 6-1 Berekning og betaling av nettleige**

Dei måleverdiane som måleutstyret til nettselskapet les av, er grunnlaget for å berekne nettleige og energiforbruket/energifyten i målepunktet. Nettleiga skal betalast i samsvar med gjeldande tariff med tillegg av offentlege avgifter, og normalt etter faktisk målt forbruk i perioden.

Faktura forfell til betaling i samsvar med faktureringsrutinane til nettselskapet.

Forseinkingsrente blir lagd til i samsvar med *lov om forsinket betaling av 17. desember 1976 nr 100* (forseinkingsrentelova) og går frå betalingsfrist.

**§ 6-2 Endring i betalingsvilkår**

Nettselskapet kan endre faktureringsrutinar og betalingsvilkår med 14 dagars varsel. Endringar blir kunngjorde ved direkte melding til nettkunden eller på annan eigna måte.

**§ 6-3 Avrekningsfeil**

Dersom det blir oppdaga avrekningsfeil eller andre feil knytte til måledata, skal nettselskapet omgåande gi beskjed til nettkunden om dette.

Ved avrekningsfeil som gjeld periodar som ein allereie har avrekna nettleige for, skal nettselskapet godskrive nettkunden for nettleige, eller krevje tilleggsbetalt for nettleige. Dette gjeld alle typar avrekningsfeil.

---

Etteroppgjeret mellom nettselskapet og nettkunden skal skje i samsvar med reglane i § 5-4 tredje til åttande ledd.

## **§ 7 STENGING AV ANLEGGET TIL NETTKUNDEN**

### **§ 7-1 *Vilkår for stenging***

Nettselskapet har rett til å stengje anlegget til nettkunden for uttak av elektrisk kraft dersom nettkunden ikkje betaler skuldig nettleige i samsvar med betalingsfristen, eller nettkunden lèt vere å stille trygd for betalingsforpliktinga når nettselskapet har rett til å krevje slik trygd, jf. § 2-3.

Dersom nettselskapet også leverer kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt, kan manglande betaling av kraftleveransen også kunne utløyse stenging.

Nettselskapet har også rett til å stengje anlegget til nettkunden dersom kunden elles ikkje oppfyller reglane i nettleigeavtalen og/eller tilknytingsvilkåra (avtalebrot).

Stenging av eit anlegg fritenk ikkje nettkunden for å betale dei faste kostnadene i nettarriffen, leige av målar m.m. i den tida anlegget er stengt på grunn av misleghald frå kunden sin side.

### **§ 7-2 *Prosedyrar for stenging***

Før nettselskapet kan stengje anlegget, skal det sende skriftleg stengjearsel til kunden si faktureringsadresse.

Stengjearselet i samband med betalingsmisleghald skal innehalde:

- informasjon om at nettkunden kan unngå stenging ved å betale innan 14 dagar
- ei oppmoding til nettkunden om å kontakte nettselskapet så snart som råd for å finne alternative løysingar for å få gjort opp gjelda
- informasjon om kostnader som kjem på ved stenging og gjenopning

I stengjearselet i samband med misleghald av plikt til å stille trygd skal det gå fram

- at nettkunden kan unngå stenging ved å stille trygd innan sju dagar
- kva kostnader som kjem på ved stenging og gjenopning

### **§ 7-3 *Gjenopning av anlegg som er stengt på grunn av betalingsmisleghald og/eller trygd som manglar***

---

Dersom nettselskapet har stengt eit anlegg, kan ingen andre enn nettselskapet eller representanten for selskapet kople til anlegget att.

Eit anlegg som er rettmessig stengt på grunn av betalingsmisleghald eller manglande trygd, blir ikkje opna att før all gjeld til nettselskapet og kostnader i samband med stenging og opning att, er betalt. Når det er sannsynleg at betalingsmisleghaldet vil halde fram, kan nettselskapet krevje som vilkår for å opne anlegget att at kunden stiller trygd for betaling i framtida.

#### **§ 7-4 Erstatningsansvar ved rettmessig stenging**

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skadar eller tap som kan oppstå hos ein nettkunde ved rettmessig stenging.

### **§ 8 FRÅKOPLING OG TILKOPLING AV ANLEGGET**

Fråkopling og tilkopling kan berre utførast av nettselskapet, representant for nettselskapet eller Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) ved Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE). Nettselskapet og DSB/DLE er ikkje ansvarleg for skade eller tap ved frå- eller tilkoplingar som er heimla i denne avtalen.

#### **§ 8-1 Fråkopling utan nærare varsel**

Nettselskapet/DSB/DLE koplar frå etter vedtak og utan nærare varsel dersom

- installasjonen er farleg
- installasjonen treng å bli utbetra omgåande
- bruk kan føre til skade eller ulemper for nettkunden, nettselskapet eller andre

DSB/DLE kan etter forskrift av 6. november 1998 nr 1060, framleis med heimel i *lov av 24. mai 1929 nr 4 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr* § 2, gjere vedtak om å kople ut eit anlegg som strir imot forskriftene, dersom kunden til dømes ikkje har oppfylt pålegg om å betre ut manglar ved installasjonen til fastsett tid, eller dersom det ikkje blir brukt godkjende apparat.

---

### **§ 8-2 Fråkopling etter nærare varsel**

Nettselskapet kan kople frå etter nærare varsel dersom fråkoplinga er nødvendig blant anna av omsyn til ettersyn, vedlikehald, feilsøking eller feilretting, fornying, ombygging eller utviding av installasjonane til nettselskapet eller installasjonane til andre kundar.

Nettselskapet skal, så langt som råd, varsle nettkunden direkte eller på annan eigna måte om fråkoplinga. Ein skal vanlegvis prøve å leggje fråkoplinga til tider som er til minst ulempe for nettkunden.

Nettselskapet kan dessutan etter nærare varsel kople frå elektrisk anlegg dersom nettselskapet ikkje får tilgang til anlegg og utstyr m.m. som nettselskapet etter nettleigevilkåra eller annan avtale har krav på tilgang til, eller dersom nettkunden eller representant for nettkunden har sett utstyret i installasjonen ut av drift utan skriftleg godkjenning frå nettselskapet.

Varsel om fråkopling vil ikkje seie at nettselskapet har plikt til å kople frå anlegget i heile eller delar av det varsla tidsrommet.

### **§ 9 INKASSO**

Ved misleghald av betalingsplikta blir kravet sendt til inkasso i samsvar med *inkassoloven av 13. mai 1988 nr 26*.

### **§ 10 NETTKUNDEN GÅR KONKURS**

Er nettkunden konkurs, kan nettselskapet krevje at konkursbuet utan ugrunna opphald tek stilling til om konkursbuet vil nytte retten sin til å tre inn i avtalen med nettselskapet, jf. *dekningsloven av 8. juni 1984 § 7-3*.

Så vel ein panthavar som konkursbuet har krav på ny kontrakt med nettselskapet og kan til liks med andre nye nettkundar motsetje seg eit krav frå nettselskapet om å dekkje gjelda til den tidlegare nettkunden som vilkår for å inngå ein nettleigeavtale. Det same gjeld i den grad nettselskapet også leverer kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt. Det kan krevjast trygd for betaling i rett tid frå panthavar/konkursbu i samsvar med reglane i § 2-3.

---

## § 11 OPPSEIING AV NETTLEIGEAVTALE

### § 11-1 *Oppseiing*

Dersom nettkunden vil avslutte kontraktsforholdet til nettselskapet, til dømes ved flytting, kan nettleigeavtalen seiast opp med 14 dagars varsel.

Når oppseiing av avtalen manglar, er nettkunden ansvarleg for nettleiga fram til nettselskapet har fått lese av målareren eller har gjort avtale med ein annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarande for kraftleveringa.

### § 11-2 *Avrekning ved oppseiing*

Nettkunden blir avrekna fram til oppseiingsfristen går ut, eventuelt til målaravlesing ligg føre. Nettkunden er ansvarleg for å gi nettselskapet tilgang til å lese av målareren og til å eventuelt kople frå anlegget.

## § 12 ANSVARFORHOLD

### § 12-1 *Direkte skadar og tap*

Nettselskapet er ansvarleg for direkte skade og tap som følgje av feil og manglar ved leveransen når skaden eller tapet er valda ved at nettselskapet har handla aktlaust. Nettselskapet er på same vilkåra ansvarleg for direkte skade eller tap som følgje av mangel etter nettleigevilkåra eller nettleigeavtalen elles.

### § 12-2 *Indirekte skadar og tap (følgjeskadar)*

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for indirekte skadar og tap som blir påført anleggseigar eller nettkunde med mindre skaden er gjord med forsett frå nettselskapet si side.

Som indirekte skade og tap (følgjeskadar) reknar vi:

- tap som følgje av at produksjonen eller omsetninga har minska eller falle bort (driftsavbrot)
- tapt fortjeneste som følgje av at ein kontrakt med tredjemann fell bort eller ikkje blir riktig oppfylt
- tap som kundane til nettkunden har lide
- tap som følgje av skade på anna enn nettkunden sine anlegg, apparat eller anna enn gjenstandar som har nær og direkte samanheng med den føresette bruken av anlegget eller apparata
- tap som følgje av brannskadar på bygningar m.m.

### **§ 12-3 Leveringskvalitet**

Leveringskvaliteten skal under normale driftsforhold vere i samsvar med dei reglane som styresmaktene til kvar tid fastset.

### **§ 12-4 Reklamasjon**

Nettkunden taper retten sin til å gjere ein mangel gjeldande dersom kunden ikkje innan rimeleg tid etter at han eller ho oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen, gir nettselskapet beskjed om det.

### **§ 12-5 Utbetring av mangel**

Nettselskapet har rett og plikt til å utbetre mangelen utan kostnad for nettkunden innan rimeleg tid etter at nettkunden har gitt beskjed om mangelen. Utbetring av mangelen tek ikkje bort retten til erstatning for skade eller tap etter §§ 12-1 og 12-2.

### **§ 12-6 Prisavslag**

Nettkunden har rett til å krevje prisavslag for mangelfull yting dersom mangelen ikkje blir retta opp etter reglane i førre leddet. Prisavslag kan kome i tillegg til erstatning.

### **§ 12-7 Medverknad og eigne tryggingstiltak frå nettkunden**

Dersom nettkunden har medverka til mangelen, skaden eller tapet ved eiga skuld, kan ansvaret til nettselskapet blir sett ned eller falle bort, jf. *skadeserstatningsloven av 13. juni 1969 § 5-1*.

Nettselskapet har ikkje i noko tilfelle ansvar for skade og tap som den elektriske krafta er årsak til dersom nettkunden ikkje har sikra apparat og utstyr med vern eller andre tiltak mot dei påkjenningane som ein må rekne med at utstyret kan bli utsett for, jf. til dømes *forskrift om elektriske lavspenningsanlegg av 6. november 1998 nr 1060 og NEK 400* (Norsk elektroteknisk norm – elektriske lågspenningsinstallasjonar).

Nettkunder som er særleg avhengige av sikker og stabil straumleveranse, pliktar sjølve å setje i verk eigna tryggingstiltak, til dømes å skaffe seg nødstraumsaggregat, alternativ energiforsyning eller liknande. Dersom nettkunden unnlèt å setje i verk slike eigna tryggingstiltak, kan det føre til at eventuell erstatning blir sett ned eller fell bort.

### **§ 12-8 Tapsavgrensingsplikta til nettkunden**



---

Nettkunden har plikt til å prøve å avgrense tapet sitt med rimelege tiltak. Forsømmer nettkunden dette, må nettkunden sjølv bere den tilsvarande delen av tapet.

#### **§ 12-9 Erstatningsansvaret til nettkunden**

Nettkunden er etter alminnelege erstatningsreglar ansvarleg for det tapet som bruken hans/hennar av nettet eller anlegget som er knytt til nettet, påfører nettselskapet eller dei andre kundane til nettselskapet, jf. også § 4-2 tredje ledd.

Dersom nettselskapet blir erstatningsansvarleg for manglande leveringskvalitet til éin eller fleire kundar og dette kjem av at ein kunde forårsakar støy på nettet i strid med regelverket, har nettselskapet rett til å krevje regress for utbetalt erstatningsbeløp hos den nettkunden som har forårsaka erstatningskravet.

Nettkundar som lèt vere å varsle nettselskapet om hendingar i eigne anlegg eller eige utstyr i samsvar med *forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet § 2-2*, som fører til at nettselskapet må setje i verk tiltak overfor andre kundar, blir erstatningsansvarlege for dei kostnadene nettselskapet får med tiltaka.

#### **§ 12-10 Personskade**

Ansvar for personskade blir ikkje regulert av desse nettleigevilkåra. Vi viser til dei alminnelege erstatningsreglane.

### **§ 13 TEIEPLIKT**

Nettselskapet skal ikkje utlevere personopplysningar om nettkunden til utanforståande, unntateke når utlevering av slike opplysningar skjer

- a. med samtykke frå den opplysninga gjeld
- b. med heimel i lov eller i forskrift gitt med heimel i lov, eller
- c. som ledd i betalingsinnkrevjing og elles når det ligg føre saklege grunnar

Nettselskapet skal likeins teie om alle forhold som selskapet blir kjent med av teknisk eller økonomisk art som har med nettkunden og verksemda hans/hennar å gjere.

### **§ 14 ENDRINGAR I NETTLEIGEVILKÅR OG TARIFFAR M.M.**

---

Eventuelle endringar av innhaldet i desse nettleigevilkåra og tariffane til nettselskapet blir kunngjorde med 14 dagars varsel som direkte melding til nettkunden eller på annan eigna måte.

Ved tariffendring ved årsskiftet blir ikkje endringa førehandsmeld, men blir gjord kjend saman med den første utsendinga av faktura etter nyttår.

## **§ 15 TVISTAR**

Tvistar i samband med nettleigevilkåra blir førte for dei ordinære domstolane med mindre partane i det enkelte tilfellet er samde om å løyse tvisten ved skilddom og gjer avtale om dette.

Ved usemje mellom partane om tilhøve som er regulerte i forskrifter med heimel i energilova, blir forholdet lagt fram for Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), som vil kunne gjere vedtak i saka. Det same gjeld også for konsesjonsvilkår som NVE har gitt i samsvar med energilova.

# DEFINISJONAR

---

Omgrepa nedanfor er nytta i standardvilkåra for tilknytning og/eller i standardavtalane for nettleige og kraftlevering.

<b>Anleggsadresse</b>	Adressa til den staden der anlegg med målepunkt er.
<b>Anleggsbidrag</b>	Berekna investeringstilskot ved tilknytning av ein ny kunde eller ved forsterking av nettet til ein eksisterande kunde.
<b>Anleggseigar/brukar</b>	Den juridiske eininga (selskap eller fysisk person) som eig eller bruker ein eigedom med elektriske installasjonar som er knytte til nettselskapet sitt nett.
<b>Distribusjonsnett</b>	Overføringsnett med nominell spenning opp til og med 22 kV, med mindre anna er bestemt.
<b>Eigedom</b>	Kvar eigedom med elektriske installasjonar som er knytte til eller skal knytast til nettselskapet sitt nett. Som eigedom reknar ein også til dømes ei bustadblokk eller eit rekkjehus. Den juridiske organiseringa av eigdommen har ingenting å seie, og ei bustadblokk kan i denne samanhengen til dømes reknast som éin eigedom uavhengig av kor mange husvære der er.
<b>Fordelingsanlegg/nett</b>	Høgspennings- eller lågspenningsnett som nettselskap byggjer i tråd med offentleg områdekonsesjon.
<b>Fråkopling</b>	Fråkopling omfattar fråkopling av installasjon ved hjelp av eit fysisk inngrep, bruk av verktøy og liknande og/eller utkopling av ein installasjon ved hjelp av brytar, sikring eller anna beteningsorgan.
<b>Installasjonseigar/brukar</b>	Sjå «Anleggseigar/brukar».
<b>Kraftleverandør</b>	Verksemd som sel elektrisk energi til sluttbrukar, og som har omsetningskonsesjon. Som sluttbrukar reknar ein kjøpar av elektrisk energi som ikkje sel denne vidare.
<b>Nettleige</b>	Alle prisar og anna økonomisk godtgjering (tariffar) som nettselskapet fastset for tilknytning til og bruk av elektriske nettanlegg.
<b>Nettselskap</b>	Selskap som eig overføringsnett eller har ansvar for nettenester, og som har offentleg konsesjon.
<b>Stenging</b>	Eit fysisk tiltak som nettselskapet gjer, og som tek sikte på å hindre uttak av elektrisk kraft før grunnen til stenging er fjerna.
<b>Stansing</b>	Kraftleverandøren sin bruk av tilbakehaldingsretten som inneber at det ikkje blir selt kraft til kunden før han eller ho har gjort opp for seg.
<b>Stikkledning</b>	Ei ledning, luftledning eller ein kabel frå netteigaren sitt fordelingsanlegg til anlegget til anleggseigaren/brukaren. Stikkledningar er ein del av nettet.
<b>Tariffar</b>	Sjå «Nettleige».
<b>Tilkopling</b>	Tilkopling av ein installasjon representerer motstykket til fråkopling og omfattar også innkopling som motstykke til utkopling – sjå «Fråkopling».
<b>Tilknytingsgebyr</b>	Generelt gebyr ved tilknytning av nytt anlegg.